

VBK-styremøte 20.nov. - !7

Desse møtte: Mette Marie, Bjørg, Solveig, Kristin. Nelly, Sunneva.

Sak 1/17-18    Konstituering og ansvarsområde  
Leiar: Mette Marie Døving                      Årar  
Nestleiar: Bjørg Sætren Kleppe              Annonser og plakatar, årsplanbrosjyre.  
Skrivar: Sunneva Linge                      Referat, vekslepenger  
Kasserar: Ikkje bestemt enno.  
Styremedlem: Solveig Linge Stakkestad Studieleiar, fødselsdagsgåver  
Styremedlem: Kristin Alstadsæter              Årsplanbrosjyre  
!. Varamedlem: Nelly Ytterli (møter fast) Gevinstar

Styret bør ideelt ha 2 styremedlemer - utanom leiar - som står på val kvart år.  
Neste år står berre ein på val, Dette fordi det vart valde 3 nye i år.  
Dette kan ordnast på årsmøte, der ein styremedlem kan veljast for berre 1 år.  
Styret arbeider med kasserar- jobben. kan vere aktuelt å leige inn ein person.  
Turgruppa kan vere aktuell samarbeidspartnar for Bjørg og Kristin som arbeider med  
årsplanbrosjyre.

Sak 2/17-18    Kvinner ut - prosjektet  
VBK har søkt NBK om å delta og få prosjektmidlar. Det har vi fått.  
Prosjektet går ut på å få med nyttilflytta, be med seg norske el. utanlandske som er komne  
hit.  
I søknaden vår stod m. a. framlegg om:  
Kveldsturar og kveldsmat på bakeriet.  
Til seters- m.a. prat om vekster langs vegen, allemannsretten, setrane, laga mat på  
bålpanne.  
Sansehage og dugnad - 3 dugnader.

Distribusjonsmåte: M.a. snakka om å gje skriftleg invitasjon opp i handa til ein innflyttar,  
eller ringje på døra og be dei med på møte, tur, dugnad.  
Styret er ansvarlege for «Kvinner ut», med Bjørg, Solveig og Kristin som pådrivarar.

Sak 3/17-18    Eventuelt  
- Desember: Konsert i Martin Linge - huset 16. des. Bli det VBK-julekonserten?  
- Januar: Julelag 7. jan. på VTS - ordna av Tur/aktivitetsgruppa.  
    Bjørg ansvar for annonse, plakat og få det inn på kulturkalender.  
- VBK-styremøte veke 2 med tema årsplan og utarbeiding av skriftlege retningslinjer  
    for kafegruppe og tur/aktivitetsgruppe.  
    Årsplanbrosjyrer blir laga etter januarstyremøtet.  
- Februar: Familiemiddag 18. feb. - Arne Ruset innleigd.  
  
- Seterboka skal no koste 300 kr. i vanleg sal og 150 kr for VBK-medlemer.  
    Laget har enno mange bøker på lager.  
    Bjørg sender melding til frivillige lag at dei framleis kan få bøker til utlodding.  
    Kanskje kan konfirmantar få ei bok gratis?  
- Kokeboka « Den gode smaken» har VBK kjøpt inn fleire frå fylkeslaget.  
    Styremedlemer har alt seld fleire, laget får litt av salssummen.  
  
- Tankar om å gjere VBK meir synleg:  
    Samarbeide meir med andre lag, hjelpe til ved andre lag sine arrangement?  
    Frukost for bygda - adventsfrukost t. d.?  
    Kostymereenn, nyttår - faklar?  
    VBK samarbeider med FULL FRES - aktivitetar for barn, markere betre at vi er  
støttespelar?  
    Trenge VBK familievennlege tilstellingar for å få nye yngre medlemer?

Lilly og Olaus skal få julestjerne til jul.

På januarstyremøtet skal styret diskutere framlegg av NBKs politiske plattform.

Framlegg frå styremedlemer om studiering på vedtektene i bygdekv.laget.

Sunneva Linge skrivar